



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:	Voss Herad
Dato:	16.02.2026
Tidspunkt:	10:30

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Jostein Daltveit frå Fresvik orienterar i møte om flaumskadar på brua som går over Helgedøla inst i Storedalen, jamfør referatsak.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 1/26	Referat frå synfaring i Fresvik 071125 - planlegging av traktorløype		2024/17247
RS 2/26	Høring - Endringer i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet		2025/17898
RS 3/26	Svar - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Aurland - Bakka kai - Blombakkaviki - legging av vassrøyr - pumpeledning - elektrisk kabel		2026/1407
DS 1/26	Vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Dag Nydal		2025/16834
DS 2/26	Fleirårig flygeløyve med helikopter - Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til bruk av helikopter - tilsyn og vedlikehold av linjenett - Sygnir AS		2025/15031
ST 4/26	Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltaksmidler 2026		2025/16899
ST 5/26	Nærøyfjorden verneområdestyre - revidert driftsbudsjett 2026		2026/712
ST 6/26	Norheimsdalen naturreservat - Skjøtselsplan for Norheimsdalen - Aurland Fjellstyre		2019/21987

ST 1/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 3/26 Orienteringar og referatsaker
RS 1/26 Referat frå synfaring i Fresvik 071125 - planlegging av traktorløype
RS 2/26 Høring - Endringer i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet
RS 3/26 Svar - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Aurland - Bakka kai -
Blombakkaviki - legging av vassrøyr - pumpeledning - elektrisk kabel
DS 1/26 Vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter -
Dag Nydal
DS 2/26 Fleirårig flygeløyve med helikopter - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
løyve til bruk av helikopter - tilsyn og vedlikehold av linjenett - Sygnir AS



Arkivsaksnr: 2025/16899-3

Sakshandsamar: Maria Alarcon Underdal

Dato: 13.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	4/26	16.02.2026

Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltaksmidlar 2026

Innstilling frå forvaltar

Tiltaksplan Nærøyfjorden 2026	Søknad 9.1.26	Etter tildelte midlar
Kort omtale av tiltak	revidert budsjet	revidert budsjet
Skjøtsel av kulturlandskap		
Styvi-Holmo	430 000	430 000
Stigen	95 000	95 000
Stokko	100 000	100 000
Stalheimskleiva, beite årleg	80 000	80 000
Øvste Stigen	30 000	30 000
Nedbergo	55 000	55 000
Skogane	16 300	16 300
Beite Skogane, årleg	30 000	30 000
Jeiskali og sti	25 000	25 000
Fronnes	10 608	10 608
Nåli, beite årleg	80 000	80 000
Nordheimsdalen, framande artar i sør	5 440	5 440
Nordheimsdalen, stølen - seminaturleg eng og boreal hei	21 760	21 760
Restaurering av kai Styvi 40 % delfinnansiering	130 000	104 000
Restaurering av kai Holmo 40 % delfinnansiering	90 000	72 000
Hausen	15 000	15 000
Sum skjøtsel av kulturlandskap	1 199 108	1 155 108



Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar		
Postvegen Bleiklindi-Styvi - Slått og rydding, årlig	50 000	50 000
Rimstigen, årlig anna	30 800	30 800
Stiar Fresvik, årlig	21 500	21 500
Undredal - Stokko, årlig	9 600	9 600
Underdal - Hovdungo, årlig	9 600	9 600
Stigakaiaen - Stigen - Beitelen, årlig	13 760	13 760
Vassete - Breiskrednosi - rydda "ny" gamal sti	50 000	50 000
Odneshossen - Planlegge tilrettelegging/utlysning av trapp/sti	30 000	30 000
Dyrdal - Salthella - Skogane - Dyrdal, årleg	14 400	14 400
Grøfter gamle Bakkaveg, årlig	20 000	20 000
Sti Sivle - Nåli	9 600	9 600
Sti Nedbergo	9 600	9 600
Restaurering sti Tundalen, Fresvik, ny	50 000	50 000
Sum skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar	318 860	318 860
Tilrettelegging og informasjonstiltak		
Delfinansiering miljøpatruljen: drift og vedlikehald av stiar og utedoar	200 000	33 440
Nye utedoar	100 000	0
Møte med reiseliv og turoperatørar	45 475	0
Delfinansiering info.punkt verdsarvhus Bakka/ toalett	40 000	20 000
Delfinansiering info/rasteplass i Slettedalen	30 000	30 000
Delfinansiering av andre skilt/innfallsportar	50 000	42 592
Sum tilrettelegging og informasjonstiltak	465 475	126 032
Sum		
Sum tiltaksmidlar totalt	1 983 443	1 600 000

Midlar 2006	Tildelt	Bruk
Tildelte tiltaksmidlar	1 600 000	sjå budsjett over
Grunnstøtte	100 000	Drift og vedlikehald av stiar og utedoar

Miljøpatruljen summert	kr 200 000
------------------------	------------

Auka sidan styremøte 3.12.26

Kutta etter tildelte midlar



Forvaltarane kan i samråd med styreleiar omprioriterer tiltaksmidlar mellom tiltaka innanfor budsjettamma.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Vedtak – Nærøfjorden verneområdestyre – Tiltaksplan 2026. 3.12.26.
- Søknad om tiltaksmidlar for Nærøfjorden landskapsvernområde for 2026
- E-post med førebels løyvd ramme for tiltaksmidlar 2026
- Føringer for forvaltningsmyndighetene for verneområder - tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026

Nærøfjorden verneområdestyre vedtok tiltaksplanen for 2026 i styremøtet 3.12.2026. Søknad vart sendt til miljødirektoratet med same summar som frå styremøtet utanom ei auke i kostand til møte med reiseliv og turoperatørar frå 30 000 kr til 45 475 kr da den reelle kostnaden var kjend på søknadstidspunktet. Det vart søkt om totalt **1 998 443** kr fordelt på 18 tiltak.

Nærøfjorden får offisielt tildelt midlar den 17.2.26, men har fått opplyst i e-post at det vil bli løyvd **1 600 000** kr over post 1420.31 «Midler til tiltak i verneområder» til dei godkjende tiltaka.

Av 18 tiltak er 15 godkjende, 1 er avvist og 2 avventar meir informasjon. Tiltaket om møte med reiseliv og turoperatørar er utanfor postføremål og vart avvist, men det er løyvd tilsvarande midlar over driftsbudsjettet for dette tiltaket. To tiltak har fått merknad og avventar meir informasjon. Det er delfinansiering av miljøpatruljen og nye utedoar langs fjorden. Tildelinga til miljøpatruljen må vente til ei tildeling frå ein annan post frå Miljødirektoratet til same tiltak er avgjort. I 2025 hadde miljødirektoratet ein merknad til dette tiltaket i som presiserte at tiltaksmidlane kan nyttast til skjøtselsoppgåver, men ikkje til lønning av naturveileदारar og liknande. Når det gjeld nye utedoar kjem Miljødirektoratet til å be oss om meir informasjon om driftsansvar før vurdering om supplering.

I tillegg til tiltaksmidlane har det frå 2024 kome ei ny ordning med grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer over post 1420.21. Nærøfjorden verneområdestyre har for 2026 fått tildelt **100 000** kr i nye midlar for grunnstøtte til drift og vedlikehald i samband med tiltak for besøksforvaltning. I 2026 er det føreslått at desse midlane skal nyttast til å delfinansiere miljøpatruljen og deira innsats rundt tilsyn, drift og vedlikehald av utedoar og stiar i område med høgt besøkstrykk.

I Miljødirektoratet sin strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde, oppfordrar dei til å prioritere tiltak som direkte motverkar negative påverknadsfaktorar i verneområdet. Vidareføring av allereie igangsett skjøtsel og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging bør prioriterast over oppstart av nye tiltak.

Vurdering



Verneområdeforvaltar foreslår at skjøtselstiltak som hovudregel blir vidareført på same nivå som føregåande år. Kutt blir i hovudsak foreslått for nye tiltak og på informasjonsarbeid.

Forvaltar foreslår å kutte på følgande postar:

- Redusere delfinansiering av kaiar frå 50% til 40%
- Redusere den generelle posten for delfinansieringa av miljøpatruljen over tiltaksmidlane da dette vert i stor grad dekt av grunnstøtta
- Kutte posten om nye utedoar til me eventuelt får supplering frå Miljødirektoratet
- Kutte møte med reiseliv og turoperatørar da dette vart flytta til driftsmidlane
- Redusere delfinansiering Bakka til 10 000 kr i støtte til fundament infotavler og 10 000 kr i støtte til toalett på Bakka
- Kutte resterande på den generelle potten til delfinansiering skil og innfallsportar

Det vil bli inngått avtale med dei ulike aktørane om skjøtsel i landskapsvernområdet i tråd med vedtatt budsjett og godkjente skjøtselsplanar. Der grunneigar eller grendelag ikkje gjer skjøtselen vil mykje av skjøtselen av stiar mest sannsynleg verte gjennomført av Miljøpatruljen. I tillegg vil det bli lyst ut noko skjøtselsarbeid. På bakgrunn av erfaringa med tiltak tidlegare år, kan det bli endringar på kva tiltak som blir gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar vil ved behov gjennom året oppdatere styret om status, men rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innanfor budsjetttramma.



Arkivsaksnr: 2026/712-2

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 15.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	5/26	16.02.2026

Nærøyfjorden verneområdestyre - revidert driftsbudsjett 2026

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek følgjande reviderte budsjett:

Drift av Nærøyfjorden verneområdestyre 2026		
	Budsjett vedtatt 03.12.25	Revidert budsjett
Driftsutgifter for styre og utval		
Møtegodtgjering for styret	160 000	124 400
Reisekostnadar styret og Rådgjevande utval	22 000	22 000
Møteutgifter (lokale, mat etc)	47 800	43 600
Drift av nettside - besøksforvaltning	10 000	10 000
Sum drift	239 800	200 000
Fellesmøte Vestnorsk fjordlandskap	30 000	0
Grunnstøtte drift		100 000
Utgifter i samband med planarbeid		
Revidering av forvaltningsplan, møte- og reisekostnadar	30 000	20 000
Kunnskapsprosjekt Vestnorsk fjordlandskap	300 000	400 000
Overvåking Nærøyfjorden - prøvetaking vdr eutrofiering 3 årig overvåkingsprogram	200 000	0
Kartlegging koraller, sjøfjær og svamp	250 000	0
Overvåking - Refotografering kulturlandskap	50 000	0
Møte med turoperatørar og reiseliv		50 000
Sum planarbeid	830 000	470 000



Sum driftskostnader	1 069 800	770 000

Forvaltarane kan i samråd med styreleiar omprioritere driftsmidlar innanfor budsjetttramma.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Vedtak – Nærøyfjorden verneområdestyre – Drift av styret 2026. 3.12.25
- Søknad om driftsmidlar for Nærøyfjorden landskapsvernområde for 2026
- E-post med førebels løyvd ramme for driftsmidlar 2026

Endringar gjort før søknad vart sendt til Miljødirektoratet:

Etter at styret vedtok driftsbudsjettet i desember, vart det gjort ein del endringar før søknad vart sendt til Miljødirektoratet. Prosjektet «Overvåking av Nærøyfjorden - prøvetaking vdr eutrofiering 3 årig overvåkingsprogram» vart fjerna fordi dette vart betalt for allereie i 2025. Prosjekta «Kartlegging koraller, sjøfjær og svamp» og «Overvåking - Refotografering kulturlandskap» vart fjerna som eigne prosjekt fordi dette inngår som ein del av prosjektet «Kunnskapsprosjekt Vestnorsk fjordlandskap». I staden for vart summen på kunnskapsprosjektet auka til 400 000. I tillegg til dette vart møtegodtgjersle for styret justert ned til eit meir realistisk nivå.

Tildelte midlar og endringar etter tildeling

Totalt vart det søkt Miljødirektoratet om 662 694 i driftsmidlar. Nærøyfjorden får offisielt tildelt midlar den 17.2.26, men har fått opplyst i e-post at det vil bli løyvd **770 000** kr til dei godkjende tiltaka. Vi har fått tilsegn på meir enn omsøkt fordi dei har lagt til 100 000 i grunnstøtte og flytta finansieringa av møtet med reiselivet frå tiltaksmidlane til driftsmidlane. Miljødirektoratet har avslått å gje midlar til Fellesmøte Vestnorsk fjordlandskap og har berre gitt 20 000, i staden for 30 000, til møte og reisekostnader knytt til revidering av forvaltningsplan. Bortsett frå dette har vi fått tilnærma det som vart omsøkt.

Vurdering

I praksis har styret fått det mest av det som vart omsøkt til drift, kartlegging og planarbeid i 2025. Summen bør vere dekkande for den planlagde drifta i tråd med vedteken møteplan.

Sjølv om det ikkje er tildelt eigne midlar til fellesmøte med nordområdet, er det tildelt ein del midlar til møte og reisekostnader knytt til revidering av forvaltningsplan. Ettersom revidering av forvaltningsplan er ei viktig sak for dei to verneområdestyra, bør desse midlane kunne brukast til å dekke eit eventuelt fellesmøte mellom styra der dette er hovudtema.

Grunnstøtta blir i 2026 foreslått brukt til delfinansiering av Miljøpatrulja, då det framleis er usikkert om vi får tildelt eigne midlar til dette prosjektet på tiltaksmidlar. Midlane til Miljøpatrulja frå verneområdestyret skal gå til deira innsats rundt tilsyn, drift og vedlikehald av utedoar og stiar i område med høgt besøkstrykk.



Kunnskapsprosjekt vestnorsk fjordlandskap har så langt avdekka manglar i gjeldande forvaltningsregime – både ifht kunnskap og «overvaking». Søknaden om midlar for 2026 tar utgangspunkt i avdekkingane som har kome fram i gjennomført arbeid 2024/25.

Frå søknaden:

Verdsarvstiftelsane og verneområdeforvaltninga i begge delområda av verdsarvområdet ynskjer å vidareføre det gode samarbeidet om kunnskapsinnhenting knytt til revidering av forvaltningsplanen. Arbeidet med ny felles forvaltningsplan viser seg å kreve ei styrka «rigging» og koordinering av både kunnskapsgrunnlag, skjøtsel og overvaking i Vestnorske Fjordlandskap. Vi held fram med bygging av eit heilskapleg forvaltningsgrunnlag i fellesskap med verdsarvadministrasjonane og fylkeskommunane i sør- og nordområdet, og i samråd med Miljødirektoratet.

Den felles kunnskapsinnhentinga dokumenterer truslar, manglar og behov som må følgjast opp -både på marint, terrestrisk, alpint og strukturelt felt i begge delområde av verdsarvlandskapet. Koordineringsarbeidet i 2026 vil handle om å etablere dei viktigaste strukturelle delane av kunnskapssatsinga. Dette omfattar modellar for overvaking, utvikling av forvaltningsplattform, systematisert kunnskapsbase, forankring i kommunal forvaltning og styrking av formidlingsog forskningssamarbeidet. Desse innsatsane legg grunnlaget for betre samordna forvaltning, betre kunnskap og betre rapportering til UNESCO og andre styresmakter.

Det bør vere eit prioritert arbeid for både forvaltarar og styret å få til ein god vidareføring av kunnskapsprosjektet i 2026, i samarbeid med dei andre aktørane.



Arkivsaksnr: 2019/21987-15

Sakshandsamar: Maria Alarcon Underdal

Dato: 09.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	6/26	16.02.2026

Norheimsdalen naturreservat - Skjøtselsplan for Norheimsdalen - Aurland Fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner skjøtselsplan for Nordheimsdalen naturreservat for perioden 2025 til og med 2029. Skjøtselsplanen er utarbeid av Aurland Fjellstyre. Skjøtselsplanen er godkjent med heimel i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat punkt VI nr. 2, 6 og 7.

Aurland fjellstyre får løyve til fylgjande tiltak i naturreservatet:

- Vedlikehald av hytta ved Sagi og hytta i Brendeli. Vedlikehald skal ikkje medføra endringar på fasaden på bygga, og standarden på hyttene skal vera lik den standarden hyttene vart bygd i.
- Utedoen og stallen i Brendeli kan vedlikehaldast slik at dei har same standard som dei vart bygd i.
- Naudsynt vedhogst til hytta ved Sagi og hytta i Brendeli. Hogsten skal gjennomførast som plukkhogst i område nær hyttene i Brendeli og Sagi. Hogsten skal avgrensast til det som er naudsynt til ved i dei to hyttene, omlag ein halv famn ved for året. Særmerkte tre i området skal ikkje hoggast.
- Det kan fellast enkelttre til materiale til enkelt vedlikehald av bygningane og bruene som er nemnt i skjøtselsplanen, og til å bygge opp att to mindre bruer mellom Fjellsgrovi og Øygarden. Bruene skal byggast opp med inntil 4 stokkar som underlag, farved på tvers av desse, og to stokkar som bind farveden fast.
- Hovudstien frå fjorden og opp til stølen Nordheimsdalen kan ryddast og vedlikehaldast. Det kan ryddast inntil 1,5 meters breidde på stien nedst i Nordheimsdalen. Elles kan stien ryddast i vanleg stibreidde inntil ein meter.
- Eksisterande bruer kan vedlikehaldast i same standard som dei var bygd i. Tre som ligg over stien kan ryddast bort.
- Hovudstien frå Øygarden til stølen Nordheimsdalen kan merkast på parti der stien er vanskeleg å finne. Der det er trong for å merking skal det nyttast naturmateriale, eller det kan målast raudt merke på lause steinar slik at merke kan fjernast.



- SNO skal gjennomføre årleg synfaring med skjøtselsarbeidet i Nordheimsdalen naturreservat.

Aurland fjellstyre får løyve til å sette opp eit enkelt halvtak for lagring av ved i tilknytning til hytta ved Sagi. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve gjeld med fylgjande vilkår:

- Halvtaket skal byggjast for å lagre ein halv famn ved
- Konstruksjonen kan vere om lag 2 meter langt, 2 meter djupt og 1,2 m høgt
- Taket skal byggjast med reisverk og skråstivarar i tre, og eit skråtak i bølgeblekk
- Plasseringa skal vere der det no står eit mellombels vedla, tett ved hytta ved Sagi
- Rapport med bilde skal sendast til verneområdestyret når arbeidet er utført, og seinast 31.12.2029

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Dispensasjon - Nordheimsdalen naturreservat - skjøtselsplan for bygningar og anlegg 2020-2024 - Aurland fjellstyre. 16.3.2020
- Dispensasjon - Nordheimsdalen naturreservat - bygge utedo – Aurland Fjellstyre. 18.05.2020
- Søknad - Nordheimsdalen naturreservat - Skjøtselsplan for Norheimsdalen 2025-2029. 1.12.2025
- Tilleggsopplysningar søknad - Norheimsdalen naturreservat - Skjøtselsplan for Norheimsdalen 2025-2029 - Aurland Fjellstyre. 4.2.2026

Nordheimsdalen naturreservat er ein statsallmenning eigd av Statskog SF. Aurland allmenningssyre forvaltar skogen i området, og Aurland Fjellstyre forvaltar jakt- og beiterettane. Hjorte- og elgjakta er truleg den største aktiviteten i naturreservatet, og Aurland Fjellstyre ynskjer å leggja til rette for aktiviteten på ein god måte. Fjellstyret for andre gong utarbeid ein fleirårig skjøtselsplan for Nordheimsdalen naturreservat som dei søker verneområdestyret om godkjenning på. Med godkjent skjøtselsplan håpar Aurland Fjellstyre å få enklare søknadsprosess for å setja i verk naudsynte tiltak som rydding av sti, vedlikehald av hytter, stiar, bruer og kai, og hogst av ved til bruk på hyttene.

Ved hytta ved Sagi er det lite lagerplass for ved inne, og det er ynskje om å setje opp eit halvtak som rommar ein halv famn ved på same plassen som ein har lagra ved ute tidlegare. Hytta har hatt eit mellombels vedla med laus plate som tak tidlegare. Når veden minkar vert plata laus og kan fly vekk. Derfor kom ideen om eit meir permanent halvtak for lagring av ved.

Lovgrunnlaget

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om freding av Norheimsdalen naturreservat av 17. desember 1999
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 -2008



- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter

Føremålet med freding av Nordheimsdalen naturreservat, punkt III:

Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit intakt nedbørsfelt med ein skoggradient frå fjøre til fjell, og som har eit uvanleg stort mangfald av ulike furuskogstypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogpreg som truleg er det sterkaste ein finn på Vestlandet.

Verneforskrifta punkt VI nr. 2, 6 og 7 gjev opning for at forvaltninga kan gje løyve til:

2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsvegar.

6. Istandsetting og vedlikehald av eksisterande tømmerheis, veganlegg, kai og andre kulturminne i samråd med fylkeskulturetaten og forvaltningsstyresmakta.

7. Avgrensa uttak av ved og anna trevyrke til bruk på stolar, hytter og kulturminne i naturreservatet, og andre tiltak i samband med bruk og vedlikehald av desse.

Det er ikkje opning for oppføring av nye faste innretningar i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdere om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ som seier at

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...».

Begge vilkåra må vera oppfylt. Denne paragrafen skal nyttast i særlege tilfelle som ikkje blei vurdert ved opprettinga av verneområdet og som kan sjåast på som bagatellmessige inngrep, jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Nordheimsdalen naturreservat ligg på austsida av Aurlandsfjorden. Naturreservatet er eit naturområde, men det er og kulturminne i området. I verneforskrifta er det reglar for vedlikehald av kulturminne som bygningar, stiar, bruer, kai og for hogst av ved til hyttene. Det er positivt for opplevinga av området at kulturminna vert tatt vare på.

Kunnskapsgrunnlaget for saka er henta frå forvaltningsplanen for Nærøyfjorden. Nordheimsdalen er ein hengjedal prega av ein velutvikla og gamal furuskog, til dels med urskog. Området har rikt biologisk mangfald. Området vart tidlegare nytta for uttak av tømmer, og det er kulturminne med koier, ferdsselsveg og restar etter tømmerheis i området. I 2022 vart det gjennomført NiN-basiskartlegging i Nordheimsdalen, og området er bra kartlagt. Det er ikkje registrert trua artar i nærleiken av planlagde tiltak i skjøtelsplanen. Det er viktig å passe på at trua artar ikkje vert skada eller fjerna under skjøtelsarbeid, t.d. hogst av alm.



Deler av området er del av Nordfjella villreinområde (Naturbase 09.02.2026). Det er pr. i dag ikkje villrein i dette området etter sanering av bestanden på grunn av smitte av sjukdomen CVD, men villreinen skal etter planen reetablerast. Nordheimsdalen er eit viktig område for hjort og elg.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

I skjøtelsplan for bygningar og anlegg er det lagt inn skjøtsel av hytta ved Sagi og hytta i Brendeli, hovudstien i dalen, bruer, kai og hogst av ved til hyttene og til materiale til vedlikehald. Dette er skjøtelsarbeid som har vore gjennomført i lang tid, og vore godkjent av forvaltningsstyresmakta i tida området har vore naturreservat. Forvaltar vurderer skjøtselstiltaka som positivt for ivaretaking av kulturminna i området, og for opplevinga av området. Godt vedlikehalde stiar, bruer og kai vil legge til rette for at besøkjande til området nyttar tilrettelagde område i større grad, og det vil kunne føra til mindre belastning på meir urørte område. Samla sett vurderer forvaltar at skjøtselstiltaka ikkje vil gje auka belastning på naturmangfaldet jf. nml. § 10, men vera positivt for ei heilskapleg forvaltning av området. Tiltaka vil lite truleg føra til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor vurdert som lite aktuell for denne saka.

Metode for gjennomføring av tiltaka skal vurderast jf. nml. § 12. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningane er planlagt gjennomført til same standard som når dei vart bygd. Dette er i tråd med verneforskrifta. Forvaltar har ikkje innhenta uttale til tiltaka frå kulturminnemyndigheitene då tiltaka ikkje skal medføra endringar på bygningane, og heller ikkje endra bruk av bygningane.

Hogsten skal avgrensast til det som er naudsynt til ved på to hytter, og enkelt tre til vedlikehald av bygningar og bruer. Det er skog tett inntil hytta i Brendeli. Problem med fuktskadar på bygget vert mindre ved at tre tett på hytta vert rydda bort. Det står ei stor furu rett ovanfor hytta i Brendeli som bør fjernast før den fell ned på hytta. Treet kan fellast og nyttast til materiale og ved.

Aurland Fjellstyre har erfaring frå tidlegare år med å hogge ved til hyttene og materiale til vedlikehald av bygningane. Hogsten skal gjennomførast ved å plukka enkelttre, og det skal ikkje hoggast flater. Fjellstyret opplyser at det vil vera bruk for omlag ein halv famn med ved pr. år. Daude tre som ligg nær hytta kan nyttast til ved. Daude tre som ikkje ligg tett på hytta skal ikkje fjernast. Dei daude trea er viktig for eit rikt biologisk mangfald.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova, rår forvaltar til at skjøtelsplanen for bygningar og anlegg i Nordheimsdalen naturreservat vert godkjent med dei tiltaka som er skissert.

Det er ikkje opning for oppføring av nye faste innretningar i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat. Søknad om oppføring av permanent tak for ved må derfor vurderast med heimel i naturmangfaldlova § 48. Tiltaket strider etter forvaltar si vurdering ikkje mot vernevedtaket og vil heller ikkje påverke verneverdiane nemneverdig da det er snakk om eit heilt enkelt tak for å lagre same mengd ved som har vore hogd rundt hytta i samsvar med godkjende skjøtelsplanar over fleire år. Det er ikkje snakk om ei auka



påverknad på området. Dette er eit tiltak som kan definerast som bagatellmessig inngrep, jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til å bygge eit enkelt halvtak for lagring av ved i tilknyting til hytta ved Sagi i Nordheimsdalen naturreservat.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.